



Nils-Arne Lavik
Kråkeneset 12
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1636 - 18/13623

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
21.06.2018

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt gbnr 23/323

Saka gjeld

Meland kommune har 09.10.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om dårleg lokk på septiktank på eigedommen gnr. 23, bnr. 323.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av plan- og bygningsloven § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i plan- og bygningsloven § 31-3, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 01.08.2018**: Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og forsvarleg lokk vert montert. Lokk på kum må vera tett og utført i solide materialar samt vere forsynt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side. Du kan sjølv utføre dette arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lokket er utbetra.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å sikra septiktanken og montere forsvarleg lokk i medhald av plan- og bygningsloven § 31-3. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om ilegging av tvangsmulkt

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med heimel i plan- og bygningsloven § 32-5 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 01.08.2018**.

Tilbakemelding

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved bilete som syner at det er montert forsvarleg lokk. Skjema og bilete sender du til

- E-post: postmottak@meland.kommune.no
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Dine rettar

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding - dårleg lokk

Mottakere:
Nils-Arne Lavik

Kråkeneset 12 5918

FREKHAUG